

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/9295-3

## Årsrapport 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Årsrapport 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering .

### **Vedlegg:**

Årsrapport 2016 Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Andre relevante dokument i saka:**

Årsrapport 2016 Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Årsrapport 2016 Fylkesrådet for eldre.

Årsrapport 2016 Vestlandsrådet

## SAKSFRAMSTILLING

Innleiing/lovkrav § 48 pkt. 5 i kommunelova omtalar årsrapporten slik:

*"I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunen eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultat av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, så mt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven."*

Hovudutvala legg ikkje fram eigne årsmeldingar, jf. vedtak FT - sak 48/13. Det er vidare lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring no er samordna. Dette sparar oss for sakshandsamingskapasitet og bidrar til forenkling.

Hovudutvala får årsrapporten til handsaming før han går til fylkesutvalet og fylkestinget. Årsrapport for 2016 følgjer saka som vedlegg 1.

Fylkesrådmannen viser særleg til kapitlet «Slik fylkesrådmannen ser det» frå s. 4 i årsrapporten. Fylkesrådmannen gjev her eit kortfatta oppsummering av året 2016. Fylkeskommunen si økonomiske stilling er vurdert/framstilt frå s. 12 - 19 i årsrapporten. For meir detaljert gjennomgang av drifta på sektornivået vert det vist til s. 20 - 91.

Etisk standard, likestilling , likeverd og mangfald

Kommunelova § 48 krev også at ein i årsrapporten rapporterer på kva som er gjort for å;

- sikre ein høg etisk standard i fylkeskommunen og
- fremma likestilling, likeverd og mangfald i fylkeskommunen.

Likestillingsutvalet vedtok 4 juni 2014 ei justering av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planperioden er 2014-17. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som FT vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål. For meir detaljerte opplysningar om oppfølging av handlingsplanen viser vi til årsrapporten s. 98 – 104.

#### Uttale revisjonen

Revisjonen har i si revisjonsmelding konkludert slik om årsrapporten:

*«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.»*

#### Andre årsmeldingar

I tillegg til årsrapporten frå fylkesrådmannen ligg det føre årsmelding frå;

- fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- fylkesrådet for eldre
- Vestlandsrådet

Årsrapporten og årsmeldingane ligg alle elektronisk på fylkeskommune si heimeside under årsmeldingar. Fylkesrådmannen viser til desse.